

Eg stiller meg bak alle argumenta til framandspråklærarane ved Tromsdalen VGS, samt innspela frå Christine Funtek, Kirsti Furre og Siri Hunstadbråten ved Drammen vidaregåande skule. Under har eg lista opp ulike argument for kvifor framandspråk bør fortsetje å vere obligatorisk på VGS:

- Gjennom å lære framandspråk vert du betre i ditt eige morsmål fordi du vert meir bevisst på grammatikk generelt gjennom språkopplæringa.
- Gleda av å meistre eit nytt språk gir auka sjølvtilitt og livsmeistring.
- Framandspråk gir elevane ei uvurderleg kulturell kapital fordi språket opnar dører til kulturar som elles ville vore utilgjengelege.
- Forsking viser at å lære framandspråk gir empati.
- Framandspråk er eit ferdigheitsfag, det vil seie at det er like mykje eit praktisk som eit teoretisk fag.
- Framandspråk gir nye perspektiv på verda.
- Språkturar i samband med framandspråkopplæringa gjer elevane meir sjølvstendige, tolerante og opne i møte med nye kulturar.
- Auka forståing for andre kulturar og møter med menneska der i frå bryt ned stereotypiar, fordommar og fiendebilete.
- Framandspråk er allmenndannande.
- Forsking viser at å lære eit anna språk ved sida av engelsk utviklar menneskehjernen.
- I følge forslag til den nye overordna læreplanen, er møte med andre kulturar og menneske viktig for å bli eit heilt menneske.
- Når du snakkar med næringslivsleiarar i Europa må du kunne dei kulturelle kodane i vertslanda for å kunne forhandle på deira premiss.
- Det aller viktigaste argumentet for å ha framandspråk som obligatorisk fag er at vidaregåande skule skal legge til rette for endringar i arbeidslivet som me endå ikkje veit kva er eller vil innebere. Me må passe på at opplæringstilbodet i vidaregåande skule bidreg til å halde mogelegheiter opne for ungdommane i staden for å avgrense deira mogelegheiter framover.
- I ei tid der mange elevar snakkar fleire språk og har tilhøyrsløse i fleire kulturar, vert det endå viktigare at skulen bidreg til å skape forståing og respekt på tvers av kulturar, i ei europeisk så vel som ein global samanheng. Fleirspråklegheit som ressurs er ikkje noko som kjem av seg sjølv. Språklege og kulturelle fellesnemnarar må skapast aktivt, og ingen arena er betre eigna til dette enn skulen.

Mine tankar om kvifor framandspråk kan opplevast som vanskeleg og utfordrande for ein del elevar er, til dømes, at elevar som bevisst unngår framandspråk på ungdomsskulen, oftast på grunn av utfordringar med språk generelt, vert tvungne til å ha framandspråk gjennom tre år på vidaregåande. I tillegg må dei gjennom nivå 1 og nivå 2. Denne ordninga meiner eg er svært uheldig. I tillegg meiner eg at me startar for seint med framandspråkopplæring i Noreg. Forsking viser at ein bør starte tidleg når ein skal lære seg eit nytt språk. Så dersom ein skal diskutere statusen til framandspråk i VGS bør ein fokusere på ei vurdering av innhaldet og metodane i faget, samt tidspunktet for når framandspråk skal introduserast i opplæringa, framfor å undergrave faget sin legitimitet.

Helsing

Jenny Marie Lunde, lærar ved Sogndal VGS